



Innst. 256 S

(2014–2015)

Innstilling til Stortinget fra næringskomiteen

Meld. St. 15 (2014–2015)

Innstilling fra næringskomiteen om Noregs fiske- riavtaler for 2015 og fisket etter avtalane i 2013 og 2014

Til Stortinget

1. Sammendrag

1.1 Innledning

Noreg deler opp mot 90 pst. av havressursane vi haustar av, med andre land. Det er forvaltninga av desse ressursane som er tema for dei årlege fiskeriatvalane. Avtalane skal sikre at haustinga av fiskebestandane er berekraftig. Dei er difor basert på uavhengige vitenskaplege råd om kvotar og forvaltningstiltak og inneheld forpliktande føresegner om kvotefordeling, forvaltningstiltak og kontrollsamarbeid.

Det er tre overordna mål som ligg til grunn for Noreg sin medverknad i dei ulike forhandlingsprosessane og dei internasjonale fora for ressursforvaltning:

- Å fremje ei berekraftig forvaltning av dei levande marine ressursane, basert på den best tilgjengelege vitenskaplege kunnskapen og ei økosystembasert tilnærming.
- Å sikre Noreg ein rettferdig del ved kvotefordeling av felles regulerte bestandar.
- Å sikre tilfredsstillande kontroll og handheving innan dei forvaltningsregima der Noreg tek del.

Oversikt over fiskeriatvalane

Dei internasjonale fiskeriatvalane Noreg inngår er av tre typar: tosidige avtalar, kyststatsavtalar og avtalar i regionale fiskeriforvaltningsorganisasjonar (RFMO-ar).

Noreg inngår tosidige avtalar med Russland, EU, Færøyane, Island og Grønland. Avtalane med Russland og EU er mest omfattande og gjeld felles forvaltning av dei bestandane vi deler i høvesvis Barentshavet og Nordsjøen. I tillegg blir det avtalt gjensidig løyve til å fiske i den andre parten si fiskerisone og byte av kvotar. EU er også formell motpart i avtalane om regulering av fisket i Skagerrak og Kattegat og svensk fiske i norsk økonomisk sone. Avtalane med Færøyane, Grønland og Island gjeld først og fremst kvotebyte. Kvoteytet har tradisjonelt vore ei vidareføring av tidlegare fiskemønster hos partane, men nivået avheng òg av variasjonar i storleiken på dei ulike bestandane. Dei tosidige avtalane omfattar dessutan kontrollsamarbeid og i ulik grad forskingssamarbeid.

Dei største bestandane i Norskehavet er makrell, norsk vårgytande sild (nvg-sild) og kolmule. Dette er bestandar som vandrar mellom sonene til fleire statar. Dei blir difor forvalta gjennom fleirsidige avtalar, såkalla kyststatsavtalar, mellom statane som har bestanden i sine soner. Noreg har også ein trepartsavtale om forvaltninga av lodde ved Island, Grønland og Jan Mayen og er part i prosessen om fordeling og regulering av uer i Irmingerhavet, mellom Grønland og Island.

FN-avtalen om fiske på det opne hav pålegg kyststatane og statar som fiskar i internasjonalt farvatn å delta i regionalt samarbeid om forvaltninga av vandrane fiskebestandar. RFMOane søker å kombinere ei langsiktig bevaring og best mogleg utnytting av fiskeressursane i konvensjonsområda sine. Det skjer gjennom regulering av fisket, miljøtiltak og samarbeid om kontroll. RFMO-ane har mellom anna vore viktige arenaer i kampen mot ulovleg, urapportert og uregulert fiske (uuu-fiske). Dei ulike fiskeriforvaltningsorganisasjonane vi deltek i er nærmare presentert i kapittel 3 i meldinga.

Kapittel 2 i meldinga har ei kort innføring i tema som er viktige i det internasjonale fiskerisamarbeidet. Det havrettslege rammeverket, den vitenskaplege rådgjevinga og dei internasjonale havmiljøprosessane legg viktige premisser for dei årlege fiskeriattalane. Dessutan er det internasjonale samarbeidet om kampen mot ulovleg fiske omtalt.

Verdiane vi forhandlar om

For 2014 er den samla fangstverdien av fiskeriattalane Noreg inngjekk med andre land rekna til 32 mrd. kroner. Noreg sin del utgjorde drygt ein tredel av totalen, eller 11 mrd. kroner. I tillegg kjem verdiane som blir skapt av vidareforedling av fangsten. Den reelle verdien av avtalane er avhengig av i kor stor grad Noreg nyttar kvotane fullt ut.

Figur 1.2 i meldinga viser korleis den økonomiske verdien var fordelt mellom dei viktigaste avtalane i 2014. Denne fordelinga vil variere ein del frå år til år, som følgje av endringar i storleiken på kvotane og prisane i marknaden for dei ulike artane. Figuren illustrerer like fullt den økonomiske tyngda av dei ulike avtalane.

Torsken i Barentshavet er den kommersielt viktigaste bestanden Noreg har, og den norske kvoten hadde ein verdi på nær 5 mrd. kroner med dei oppnådde prisane i 2014. Det er grunnen til at meir enn halvparten av dei samla verdiane av fiskeriattalane kjem frå avtalen med Russland. Om lag ein tredel av verdiane skriv seg frå kyststatsavtalane for dei tre pelagiske bestandane i Norskehavet. Makrellen er for tida den viktigaste med ein verdi på nær 2 mrd. kroner. Avtalen med EU om forvaltninga av fellesbestandane i Nordsjøen stod for 8 pst. av verdiane. Dette er lågare enn normalt, fordi prisen på nordsjø-sild var særleg låg i 2014. Skagerrak-avtalen med EU stod for 2 pst. av dei samla verdiane.

1.2 Fiskeriattalane for 2015

Figur 1.3 i meldinga viser den avtalte totalkvoten for viktige bestandar for Noreg i 2014 og 2015, medan figur 1.4 i meldinga viser den fastsette norske delen av kvotane på desse bestandane. Dei endelege kvotane til Noreg vil skilje seg noko frå denne fordelinga, fordi vi byter kvotar i dei ulike avtalane etter at totalkvotane er fastsette.

Avtalen med Russland

Noreg og Russland har avtalt totalkvotar for 2015 på fellesbestandane i Barentshavet og fordelinga mellom Noreg, Russland og avsetning til tredjeland. Landa har også avtalt gjensidig rett til å delta i fisket i kvarandre sine soner og har bytt kvotar som gjeld både fellesbestandar og nasjonale bestandar.

Både torsken og hysa i Barentshavet har vore på eit svært høgt nivå dei siste åra. Dei to bestandane blir delt likt mellom Noreg og Russland, etter at ein har sett av ein kvote til tredjeland. Tredjelandskvoten blir bytt mot kvotar på andre artar. Torskekvtoten er redusert med 12 pst. frå 2014 til 2015, men er framleis høg historisk sett. Kvotenivået er venta å sikre eit høgt utbyte på lang sikt. Hysekvoten er ført vidare på same nivå som i 2014. Hysebestanden er i god stand, men med noko lågare rekruttering enn dei siste åra.

Nytt for 2015 er at Noreg og Russland vedtok å innføre kvotefleksibilitet mellom år i fisket etter torsk og hyse. Vedtaket inneber at partane kan overføre inntil 10 pst. av kvoten til neste år, eller fiske inntil 10 pst. av eigen kvote på forskot.

For 2015 vart det òg for første gong semje om felles totalkvote og fordeling av snabeluer i Barentshavet. Totalkvoten er på 30 000 tonn, og fordelt med 72 pst. til Noreg, 18 pst. til Russland og 10 pst. til tredjeland.

Noreg og Russland er einige om å vidareføre arbeidet i 2015 i analysegruppa, som er sentral i det gode norsk-russiske kontrollsamarbeidet. Partane bestemte også å halde fram arbeidet for å redusere utkast av fisk og arbeidet med å lage felles retningslinjer for korleis inspeksjon av fiskefartøy i Barentshavet og Norskehavet skal gå føre seg.

Avtalane med EU

Noreg og EU har eit felles ansvar for å forvalte fiskeressursane i Nordsjøen. I kvoteavtalen for 2015 er kvotane for torsk, raudspette og hyse auka noko, medan kvotane for sei, kviting og sild er reduserte. Byteavtalen vart som i 2014. Avtalen inneheld òg føresegnar om gjensidig løyve til å fiske i den andre parten si fiskerisone.

Av fellesbestandane i Nordsjøen er det silda og seien som har den største kommersielle verdien for Noreg. Noreg har drygt 29 pst. av den totale sildekvoten og 52 pst. av seikvtoten. Medan tilstanden for nordsjø-silda er god, er gytebestanden under føre-var-grensa for seien. Dei fastsette kvotane er i tråd med vedtekne forvaltningsplanar.

Noreg og EU har i tillegg inngått avtalar om fisket i Skagerrak/Kattegat og om svensk fiske i den norske delen av Nordsjøen (nabolandsavtalen). Det er silde- og rekefisket i Skagerrak som er av størst interesse for norske fiskarar. Det har dei siste åra vore ein prosess med sikte på å endre rammeverket for Skagerrakavtalen, slik at avtalen blir i tråd med moderne havrett. Det har resultert i ein ny avtale om norsk, dansk og svensk fiske i Skagerrak, signert 15. januar 2015.

Kyststatsavtalane

MAKRELL

Makrellbestanden har auka dei siste åra og er no i god stand. Hausten 2014 vart det gjort eit nytt forsøk på å inkludere Island i trepartsavtalen frå 2014 om makrell. Også Grønland deltok i forhandlingane, då det dei siste åra har utvikla seg eit makrellfiske i grønlandsk farvatn. Partane vart ikkje einige om ein felles avtale.

Noreg, EU og Færøyane inngjekk difor ein trepartsavtale om forvaltning av makrell for 2015, i tråd med rammeavtalen frå 2014. Partane er i avtalen einige om ein totalkvote på 1 054 000 tonn i 2015. Den norske kvoten er på 237 250 tonn, som svarar til 26,67 pst. av delen til dei tre partane i avtalen. I tillegg er det sett av eit kvantum for fiske av andre land. I samsvar med avtalen for 2015 skal partane utarbeide ny forvaltningsplan for makrell.

NØRSK VÅRGYTANDE SILD

Norsk vårgytande sild (nvg-sild) har vore den største fiskebestanden i Nord-Atlanteren og den største sildebestanden i verda. Bestanden er no svakare. EU, Færøyane, Island, Noreg og Russland er kyststatar til nvg-silda. Noreg har sidan 2007 hatt 61 pst. av nvg-silda. Dei to siste åra har Færøyane kravd ein høgare del av den totale kvoten, men dei andre kyststatane ville ikkje redusere sine delar av totalkvoten til fordel for Færøyane. Partane har difor ikkje klart å bli samde om ein ny fempartsavtale. I 2014 inngjekk Noreg, EU, Island og Russland ein firepartsavtale med ein kvote til Færøyane basert på deira tradisjonelle del av silda.

Det er ikkje inngått nokon ny firepartsavtale for 2015, men det ligg føre ei felles forståing av ein totalkvote på 283 013 tonn. Noreg har fastsett ein kvote på 172 638 tonn som tilsvarar vår tradisjonelle del av totalkvoten. Partane har utarbeidd ein ny rapport som kartlegg sonetilhøyrsla til bestanden, og det er halde tre forhandlingsrundar for å bli einige om ei ny fordeling av bestanden. Dette har ikkje lukkast, og i 2015 vil det bli arbeidd vidare for å komme fram til ein avtale frå 2016.

KOLMULE

Kolmulen er den tredje store pelagiske bestanden i Nordaust-Atlanteren. Bestanden gikk ned frå 2003 til 2009, men trenden har no snudd og gytebestanden har nær dobla seg. Bestanden er no i god stand og blir hausta berekraftig. Etter krav frå EU har partane utarbeidd ein felles rapport om sonetilhøyrsla for kolmulebestanden. Denne skal gje grunnlag for forhandlingar om nye delar mellom partane. Med basis i rapporten har Noreg, EU, Færøyane og Island forhandla om ein kyststatsavtale om forvaltninga av kolmule for

2015. Å bli samde om fordeling av bestandar er ein tidkrevjande prosess, og ein har førebels ikkje lukkast i dette. Partane har difor ei felles forståing av ein totalkvote på 1 260 000 tonn, inkludert avsetning til andre land sitt fiske i internasjonalt farvatn. Noreg har fastsett ein kvote på 498 173 tonn. Partane vil halde fram med forhandlingane i 2015 for å bli einige om ein ny avtale frå 2016.

DEI REGIONALE FISKERIFORVALTNINGS-ORGANISASJONANE

Den nordaustatlantiske fiskerikommisjonen (NEAFC) har i første rekkje ein samordnande funksjon i reguleringa av fisket etter bestandar som vandrar mellom partar sine økonomiske soner og internasjonalt farvatn. Dette gjeld kolmule, norsk vårgytande sild, makrell og uer. Det er vanskeleg å bli samde om forvaltninga av snabeluer i internasjonalt farvatn både i Irmingerhavet og i Norskehavet, og NEAFC har difor ikkje fastsett regulering av ueren i desse områda.

NEAFC utvida verkeområdet for hamnestatskontroll i 2014, slik at den no er fullt på linje med den internasjonale hamnestatsavtalen som er forhandla fram under FAO.

Den norske kvoten på vågekval blir fastsett på bakgrunn av det arbeidet som er gjort i den internasjonale kvalfangstkommissjonen (IWC) sin vitskapskomité. For 2015 har Noreg fastsett ein kvote på 1 286 vågekval. Vitskapskomiteen i IWC starta i 2014 ein ny gjennomgang av det norske fangstgrunnlaget for vågekval. Komiteen konkluderte med at nye genetiske analysar ikkje gjev grunnlag for å dele opp i underområde for Barentshavet, Svalbardområdet og Norskehavet. Bestandestimatet som norske forskarar presenterte, vart også i hovudsak godteke. Gjennomgangen blir avslutta i 2015 med behandlinga i vitskapskomiteen.

Noreg hadde i åra 2007–2013 forbod mot fiske og landing av makrellstørje. Den internasjonale kommisjonen for bevaring av atlantisk tunfisk (ICCAT) har no klare indikasjonar på at tilstanden til bestanden er mykje betre. Komiteen er likevel tilbakeholden med å tilrå store kvoteaukingar. Totalkvoten for 2015 er sett til 16 142 tonn. Noreg opna for fangst av den norske kvoten i 2014. Den norske kvoten var på 30,97 tonn i 2014, men fisket lukkast ikkje. Den norske kvoten er auka til 36,57 tonn for 2015.

Kommisjonen for bevaring av dei marine levande ressursane i Antarktis (CCAMLR) har vedteke å vidareføre kvotane på krill i Antarktis på same nivå som tidlegare. Tilrådd fangst er 5,61 millioner tonn. Kvoten er ikkje delt mellom dei enkelte medlemmane. Den norske flåten fiska om lag 160 000 tonn krill i sesongen 2013/2014.

1.3 Fisket etter avtalane i 2013 og 2014

Norske fiskarar utnyttar generelt kvotane godt, og for dei kommersielt viktigaste bestandane blir kvotane nytta så godt som fullt ut. Tilgangen til å fiske i andre land sine soner blir nytta i ulik grad.

Forhandlingane med EU var seint ferdige, både i 2013 og 2014. Dette påverka i særleg grad EU sitt fiske i Nordsjøen i 2014. Noreg nytta heile den norske sildekvoten, i tillegg var torske- og seikvoten brukbart nytta begge åra. Ifølgje offisiell fangststatistikk har EU i dei seinare åra hatt relativt god utnytting av fellesbestandane i Nordsjøen.

I EU-farvatna vart dei norske kvotane av dei pelagiske artane kolmule og brisling godt nytta. Norske linefartøy fiska ein god del av botnfiskkvotane av blålange, lange og brosme både i 2013 og 2014. Det norske fisket i Skagerrak har dei siste åra i hovudsak vore konsentrert om reke og sild. EU har fiska mest av artane torsk, hyse, raudspette og reker i Skagerrak. Sverige fiska store delar av kvotane sine i norsk økonomisk sone.

Alle kyststatane har nytta kvotane sine av dei pelagiske artane norsk vårgytande sild, kolmule og makrell. Lodde ved Island, Grønland og Jan Mayen var dårleg i sesongen 2012/2013, men for sesongen 2014/2015 har det vore opna både for sommar- og vinterfiske, og dette har ført til at Noreg har nytta heile kvoten sin.

2. Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Else-May Botten, Ingrid Heggø, Odd Omland og Knut Storberget, fra Høyre, Frank Bakke-Jensen, Ingunn Foss, Gunnar Gundersen og Ove Trellevik, fra Fremskrittspartiet, Morten Ørsal Johansen, Øyvind Korsberg og Jørund Rytman, fra Kristelig Folkeparti, Line Henriette Hjemdal, fra Senterpartiet, lederen Geir Pollestad, og fra Venstre, Pål Farstad, viser til at dette er en årlig melding fra Nærings- og fiskeridepartementet som legges frem for Stortinget og som gir nyttig informasjon om fiskeripolitikken.

Komiteen viser til at fiskeriatvalene bygger på et langsiktig forvaltningssamarbeid som gir grunnlag for at vi i dag kan høste fra sterke fiskebestander og drive lønnsom næringsaktivitet i havområdene våre. 90 pst. av norsk fanget fisk kommer fra bestander som vi deler med andre nasjoner. Komiteen ser på internasjonalt samarbeid som avgjørende for en vellykket og bærekraftig fiskeriforvaltning, og for nedkjemping av fiskerikriminalitet og uregulert fiske. Komiteen peker også på at Norges gode renommé

som forvaltere av store fiskebestander gir oss et fortrinn i andre møter og forhandlinger med nasjoner vi samarbeider med. Komiteen viser til at det er viktig med en god ressurskontroll og en kompetent forvaltning. Komiteen viser videre til at det er viktig med omforente avtaler på bestander vi deler med andre land, men at man også må ivareta norske interesser, og legger til grunn at det arbeides for å oppnå best mulige avtaler for Norge.

Komiteen ønsker å trekke frem det internasjonale kontrollsamarbeidet. Dette er viktig i det videre arbeidet mot ulovlig, urapportert og uregulert fiske (UUU-fiske) og fiskerikriminalitet.

Komiteen ønsker også å trekke frem det vitenskapelige grunnlaget for avtalene. Her vises særlig til Havforskningsinstituttets deltakelse med store ressurser i det internasjonale råd for havforskning (ICES) sitt arbeid med bestandsvurdering og rådgivning. Her viser Norge sine betydelige vitenskapelige fortrinn og kompetanse, noe som bidrar til en bedre utnyttelse av ressursene til fordel for både Norge og til fordel for de land Norge samarbeider med gjennom ulike typer fiskeriatvaler.

Komiteen viser også til at det for mange av bestandene står bra til, og at det blant annet skyldes samarbeid med andre land. Særlig gjelder dette for forvaltningen av torskebestanden med Russland. Komiteen har registrert at det for 2015 i den tosidige avtalen mellom Norge og Russland er åpnet for kvotefleksibilitet mellom fisket etter torsk og hyse, hvilket i praksis betyr at partene kan overføre inntil 10 pst. av kvoten til neste år, eller fiske inntil 10 pst. av egen kvote på forskudd.

Komiteen har merket seg at den tosidige avtalen mellom Norge og Russland ble inngått 10. oktober 2014, den tosidige avtalen mellom Norge og EU ble inngått 4. desember 2014 og den tosidige avtalen mellom Norge og Færøyane ble inngått 12. desember 2014. Komiteen mener det er en klar forbedring i forhold til tidligere år at Norges tosidige avtaler kom på plass før 2015, og at det har ført til en bedre forutsigbarhet for den norske fiskeflåten. Komiteen viser til at det er skjedd forbedringer i forhold til året 2014, slik at Norges tosidige fiskeriatvaler for 2015 er tilstrebet å være klare ved start og at det derfor sikres en mest mulig forutsigbar og rasjonell høsting av fiskeressursene vi deler med våre naboland. Komiteen forutsetter fremdeles at norske posisjoner blir kommunisert tydelig til forhandlingsmotpartene i de forskjellige forhandlingene om kyststatavtaler og bilaterale avtaler.

Komiteen viser til at det i 2015, for første gang, ble oppnådd enighet med Russland om felles totalkvote og fordeling av snabeluer i Barentshavet, der Norges andel av totalkvoten er 72 pst.

Komiteen understreker at Norge må videreføre samarbeidet med EU med sikte på best mulig forvaltning av fellesbestandene.

Komiteen viser også til Norges arbeid i regionale fiskerierorganisasjoner og i FN som viktig, fordi beslutninger her får betydning for våre nasjonale fiskeri. Komiteen viser til at Norge gjennom samarbeid tillater flere andre land å fiske ulike arter i norsk økonomisk sone (NØS) basert på felleskvoter med gjensidig adgang. Dette gir også rom for bytting av kvoter som viser at norske fiskere totalt sett har et betydelig fiske i andre lands soner, noe som igjen skaper verdier for fartøy og fiskere, i tillegg til motaksanlegg langs kysten.

Komiteen viser til at det fortsatt er nødvendig og viktig med en høyt prioritert bestandsforskning. Ved en slik økt prioritering vil Norge kunne få et mer presist grunnlag for å fastsette kvoter, og bedre ressursutnyttelse. Økt bestandsforskning vil også i fremtiden kunne skape økt vekst og verdiskaping for

næringen. Komiteen viser til at det i statsbudsjettet for 2015 til Havforskningsinstituttet ble satt av ekstra ti mill. kroner for å styrke bestandsforskningen. Hvis man ser på den nåværende og potensielle totale verdiskaping i næringen, og den målrettede prioritering for å styrke bestandsforskningen, mener komiteen at det fremdeles må skje en høyere prioritering til bestandsforskningen.

3. Komiteens tilråding

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til meldingen og rår Stortinget til å gjøre følgende

v e d t a k :

Meld. St. 15 (2014–2015) – om Noregs fiskeriavtaler for 2015 og fisket etter avtalene i 2013 og 2014 – vedlegges protokollen.

Oslo, i næringskomiteen, den 5. mai 2015

Geir Pollestad

leder

Pål Farstad

ordfører

